

Referat frå telefonstyremøte på Teams 05/05 2020, kl. 19.30 - 21.30

Desse møtte: Knut Evensen, Ola Hareland, Jonny Mathisen (var med på slutten), Gro Arneng, Eirik Kolbjørnshus, Frode Rudland, Anne Terningen og Pål Kjørstad.

Sak 37/2020: Referatsaker

- Referat frå styremøte 01.04.2020 vart godkjent.

Sak 38/2020: Rovviltsaker

- Det er teke ut 2 ulver, 1 den 18. april i Kvam og 1 den 2. mai i Søndre Land.
- Det har vært mykje styr med å få fellingsløyver på ulver og spesielt Miljødirektoratet har tilbakevist dette, da det er lisensjakt.
- Det har vore betre samarbeid mellom Sau og Geit og faglaga sentralt i vår.
- Jonny har god kontakt rundt om i Oppland, og viser til at jerven i Norddalen er spesielt urovekkande nå, med altfor mange ynglingar, spesielt i Skjåk med 5 jervynglingar og Lesja med fleire jervynglingar rett over fylkesgrensa til Møre og Romsdal. Vi er på langt nær trygge på at teljinga omfattar alle ynglingane i Oppland.
- I Tjønseterfjellet i Nord-Fron var det hiuttak 28-29/4, mens eit tenkt uttak i Skjåk ikkje kan la seg gjera grunna forhold rundt staden.
- Det er planlagt eit møte mellom Miljødirektoratet og Skjåk/Lesja rundt temaet.
- Det er møte i Rovviltnemnda i region 3 den 8. mai.

Vedtak i saka:

- Styret tok informasjonen til etterretning.

Sak 39/2020: Salg av sau og lam

- Innspel frå Eirik
- Bakgrunn: Undersal av sau og lam og kva vert gjort for å selja meire sau og lam
- Forslag: Spørjeundersøking til slakteria

Vedtak i saka:

- Styret er einige i at salet av sau og lam er altfor dårleg, og at dette er ein av hovudgrunnane til at prisane til bonden er låge og støtta at noko laut gjerast. Det vert skrive eit brev frå OSG til NSG om dette temaet, der det vert tilrådd at NSG ved administrasjonen skal senda eit brev til alle slakteria i Norge med spørsmål om kva dei gjer for å selja sau og lam.
- Knut skriv brevet og Eirik sender utkast til spørsmål.

Sak 40/2020: Jordbruksforhandlingane 2020/21

- Det har vore ein del kritikk frå bønder rundt om i landet om at forhandlingane vart slik dei vart i vår. Lite info om forhandlingane er kome ut. Det må gjerast ein førespurnad om dette. For småfe vart utmarkstilskotet auka.

Vedtak i saka:

- Knut tek kontakt med Kristina Hegge og Kjell Erik Brandstadmoen for å få høyra korleis strategien vart sett opp og korleis det gjekk.

Sak 41/2020: Representant Dovre-Rondane nasjonalparker

- Det er enda ikkje vald representant frå organisasjonane i dette styret. Det har vore fremma ulike namn i prosessen.

Vedtak i saka:

- Styret står på sitt val, og fremmer Jan Erik Brenden som sin kandidat på ny.

Sak 42/2020: Arbeidsplan/møteplan

- Det er framleis mange som ikkje har betalt kontingenten for 2020, og det må ein vervekampanje til for å nå målet vårt på 1200 medlemmer.
- Det er òg nokre lag som ikkje har gjennomført innsendinga av årsmelding og rekneskap til NSG, i tillegg til at nokre, som vi veit har sendt, ikkje er registrert av NSG. Det har vorte opna for samlingar av 50 personar etter koronaen nå, og styret meiner at eit fysisk styremøte kan la seg gjennomføra.

Vedtak i saka:

- Neste styremøte vert halde som eit fysisk møte i fyrste halvdel av juni, og måndag 15. juni vart føreslege.
- Knut varslar NSG v/Anne Grethe Stabekk om laga som har senda og ikkje er registrert.
- Styremedlemmene sjekkar og varslar sine lokallag om både medlemsverving og innsending av rapport.

Sak 43/2020: Eventuelt

- Mail frå Anne Cath Grimstad om stoff til medlemsbladet. Tema skulle vera aktivitetar i lokallaga. Knut har svara og sendt stoff frå Oppland.

Sør-Fron, 5. mai 2020, Pål Kjørstad, sekretær